



Skulesjefen

Skulen i Fjell – Kvalitetsmedviten – Endringsdyktig - Lærande

Til føresette ved barneskulane i Fjell

Opplæringslova § 2-3a. Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa

«Skolen skal vise respekt for elevane og foreldra sine religiøse og filosofiske overtydingar og sikre retten til likeverdig opplæring.

Elevar skal etter skriftleg melding frå foreldra få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skolen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande. Det er ikkje nødvendig å grunngi melding om fritak etter første punktum.

Det kan ikkje krevjast fritak frå opplæring om kunnskapsinnhaldet i dei ulike emna i læreplanen. Dersom skolen på eit slikt grunnlag ikkje godtek ei melding om fritak, må skolen behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i Forvaltningslova.

Skolen skal ved melding om fritak sjå til at fritaket blir gjennomført, og leggje til rette for tilpassa opplæring innanfor læreplanen.»

Utdanningsdirektoratet presiserer:

- rektor skal sikra at fritaksretten vert rett praktisert
- at det er gitt informasjon i så god tid at heimane som ynskjer det, med rimeleg frist kan melde om fritak
- at skulen har sørgt for ikkje-diskriminerande fritaksordningar eller alternativ som er gode for dei som melder fritak
- fritak omfattar også øving til gudsteneste

Utdanningsdirektoratet (Udir) har oppmoda skulane om å ha aktiv påmelding til gudsteneste og alternative opplegg slik at foreldra slipp å søkje fritak. Påmelding til gudsteneste og alternative tilbod bør skje samtidig:

Utdanningsdirektoratet sine råd i samband med gjennomføring av skulegudstenester:

- «at det skjer i samarbeid og forståing med heimen
- skulen bør organisera deltakinga ved aktiv påmelding
- at heimen ikkje må gi ut informasjon om eigen tru
- Gudstenesta bør ikkje få karakter av semesteravslutning, da ei avslutning skal vere samlande for alle elevar på skulen. Avslutningsarrangement, og andre markeringar i løpet av skuleåret som er meint å inkludere alle elevar, bør derfor leggast til skulen, slik at alle kan delta.»

I Fjell kommune er det i tråd med ovannemnde påmelding til gudsteneste og alternative tilbod

Vi ber om at påmeldingslappen blir returnert til skulen innan

Foldnes skule
Ragnhild Knudsen Magerøy
rektor

.....
Påmelding til adventsgudsteneste / alternativt tilbod på skulen:

- Skal på adventsgudsteneste
- Skal ha alternativt tilbod på skulen

Namn: _____ Klasse: _____ Underskrift, føresett: _____